BAMA

LIATOPPEN

SKISKYTTERFESTIVAL **2022**

PROGRAM

ÅL 1. - 3. APRIL 2022

bama

Velkomen til
Bama Liatoppen Skiskyttarfestival 2022

ÅL SKISKYTTARLAG Inviterer til sesongavslutning på Liatoppen for 33. gong. Det har vore to spesielle år. Både i 2020 og 2021 vart festivalen avlyst på grunn av koronapandemien. No er me glade for å få arrangere festival att. I mange år har dette vore det største skiskyttararrangementet i verda, og me er utruleg takksame for at so mange tek turen til Liatoppen også i år. I vinter har det vore lite snø, men i februar fekk me ein god del. Sjølv om arrangementet går i starten av april i år reknar me med gode forhold.

NYTT AV ÅRET er at me inviterer klassane K/M 17-18 år. Pandemien førte til at dei mista moglegheita for å delta det siste eller dei to siste åra dei kunne ha vore med. Dette er i utgangspunktet ei ordning berre for 2022 så me håpar at mange ønskjer å vera med.

PROGRAMMET er som i fjor med stafettar, normal/sprint og fellesstartar. Det er viktig at alle sjekkar arenakart og annan informasjon slik at utøvarane kjem på rett plass til rett tid. Seniorløyparar frå OL og verdscupen kjem til opningsshow og premieshow i Ål sentrum i år òg.

DET BLIR DIREKTESENDING frå Liatoppen også i år. I år skal me samarbeide med direktesport.no. Me håper at mange ønskjer å følgje internett-TV direkte frå stadion kvar dag. Dei aller fleste køyrer bil til Liatoppen. Me oppmodar alle om å betale for parkeringa før dei kjem til Liatoppen. Det vil gjera parkeringa meir effektiv. I år er det berre mogleg å betale via Vipps. For dei som skal parkere alle dagane ber me om at dei betalar for alle dagane med ein gong. Dei vil få ein lapp første dagen som dei kan vise fram dei neste dagane. Det er berre Vipps som kan brukast for å betale i kiosken også. Det er ope trådlaust nett i kafébygget. Bruk det trådlause nettet ved bruk av Vipps fordi det er litt dårleg dekning på 4G inne.

PÅ GRUNN AV koronaviruset kan det framleis bli endringar i årets arrangement. Me følgjer nasjonale råd og vil legge ut informasjon på heimesida. Slik det ser ut no kan me gjennomføre arrangementet omtrent som tidlegare, men det kan bli endringar på kort varsel.

BAMA LIATOPPEN Skiskyttarfestival er eit rekrutteringsrenn. Me jobbar difor for at dei unge løyparane skal ha det moro og sosialt desse tre dagane.

MED OMLAG 1000 DELTAKARAr vert det mange våpen. Tryggleiken skal alltid kome først, og me oppmodar alle om å følgje arrangøren sine reglar. Ver sikker på at våpen som vert frakta bort frå standplass er visiterte og funne i orden. Handter alltid våpenet som om det er ladd.

250 FUNKSJONÆRAR må til for å laga Bama Liatoppen Skiskyttarfestival. Det er ein stor jobb å skaffe so mange, men kvart år kjem me i mål. Mange stiller opp år etter år, og når nokon trekkjer seg kjem nye til. Det er kjempeflott at so mange er positive når dei vert spurt om å gjera ein innsats! Utan sponsorane hadde me ikkje fått overskot av arrangementet. Tusen takk til dikko, og spesielt til hovudsponsorane BAMA, Intersport og New Wave. Me har hatt eit godt samarbeid med Bama og Intersport i mange år, og ønskjer New Wave velkomen som ny i år.

Ål skiskyttarlag og 250 funksjonærar ynskjer LYKKE TE! Og velkomen attende i 2023.

Nils Veslegard og Svein T. Furuhaug

BAMA LIATOPPEN SKISKYTTERFESTIVAL
Leiar i organisasjonskomiteen: Nils Veslegard **900 52 961**
Rennleiar: Svein T. Furuhaug **915 18 610**

Layout: Hallingdølen AS
Trykk: Trykk Service
Framsidebilete: Ole Johs. Brye

liatoppenskiskytterfestival.no - facebook.com/skiskytterfestival

TEAM GEILO: Sigrid Haug Grønnerød

SKI OG STUDIER: Mari Torsteinsrud og Vilde Veslegard

M20-22: Gaute Arnegard

Ål skiskyttarlag er stolte over å ha så mange flotte ungdommar som driv med skiskyting. Me ønskjer dei lykke til vidare.

Tolmod løner seg!

Ål skiskyttarlag har mange ungdoms- og juniorløpar.
Det er ikkje alle som har vore av dei beste i sin klasse i yngre år.
Er ein tolmodig kan resultata koma etter kvart.

Gaute Arnegard er eit eksempel på dette. Han var ein veldig ivrig nybyrjar som var med på sitt første Liatoppen skiskyttarfestival i 2012?? Det vart nokre bom, men Gaute hadde det travelt i løypa og hadde som mål å ta att det tapte der. Nybyrjarane gjekk normal og fekk tillegg i tid for kvar bom. Dette hadde Gaute gløymt då han gjekk ut frå standplass. Han hadde planar om å gå strafferunde. Rennleiar sto i strafferunden for å sikre at den var stengt slik at ingen skulle går her. Likevel tek Gaute av i strafferunden, hoppar over mønepannene, sneier borti handa til rennleiar og går strafferunden. Ikkje berre ein gong, men to gongar. Med både tillegg i tid og strafferundar vart det noko ned på resultatlista.

Gaute fortsette å vera ivrig, og møtte trufast opp på dei fleste treningane. Etter kvart har det også vorte mange renn. Farten i sporet har vore bra heile tida, men ofte vart det vel mange bom. Innimellom vart det oppturar med gode skyteresultat. Dei gongane kom han også høgt opp på resultatlista. Frå hausten 2021 fekk Gaute plass på juniorlaget til Team Mesterbakeren. Han flytta til Lillehammer for å studere økonomi og administrasjon, og ikkje minst for å satse skiskyting. Dette har gjeve resultat. I vinter har skyteresultata vorte langt betre, og når farta i sporet også har auka så har det vorte fleire gode resultat i Norgescupen. Han er yngste årsklasse i M20-22, likevel har han fleire plasseringar blant dei 10 beste. I februar var det Norgescup i Bardufoss. Her vart det ein fjerdeplass som beste resultat individuelt, og sanneleg var han på laget som vant NM-gull i miks-stafett. Tolmod løner seg!

Lillehammer er ein populær plass for dei som satsar skiskyting. Ål skiskyttarlag har to utøvarar i K20-22 der. Vilde Veslegard og Mari Torsteinsrud studerer båe økonomi og administrasjon, samstundes som dei satsar skiskyting. Vilde er på Team Maxim og Mari på Team Woodcon. I vinter har Vilde vore skada og har ikkje fått konkurrert før i slutten av februar. I Bardufoss vart det for første gong likevel fullt hus og nullerklubben på sprinten. Mari har hatt ein god sesong med fleire gode resultat. Sakte med sikkert har skytinga vorte betre og dette vart krona med ein 2. plass på sprinten i Bardufoss. Tolmod løner seg!

Resten av junior- og ungdomsløparane er på Geilo eller i Nord-Norge. Sigrid Haug Grønnerød i K20-22 er med på Team Geilo. Ho studerer deltid, jobbar noko og satsar skiskyting. Guri Feten går på vidaregåande i Nord-Norge. Hine går på NTG der dei kombinerer vidaregåande utdanning og skiskyting. I Norgescupen går dei i 17-19 årsklassane. Her har vi 9 utøvarar: Marie Molde Lappegard, Ida Molde Lappegard, Gro Torsteinsrud, Tonje Tveito, Andrea Hagen Hallingstad, Gunhild Tørhaug Oleivsgard, Narve Veslegard, Olivia Opheim og Tord Torsteinsrud. Resultata har sjølvsagt variert ein del, men det har vorte mange plasseringar blant dei 10 beste i norgescupen.

Ål skiskyttarlag er stolte over å ha så mange flotte ungdommar som driv med skiskyting. Me ønskjer dei lykke til vidare.



Løypepresentasjonar

LIATOPPEN SKISENTER

Konkurranseløypene som vert brukt av utøverane i BAMA Liatoppen skiskyttertfestival kan utforskast før løperane kjem til Ål.

vipps

DU KAN BETALE MED VIPPS
når du skal parkere, handle mat og drikke på Liatoppen. Enkelt for både deg og arrangør!

Vipps-nummer 515206

Last ned appen før på førehand.

PROGRAM FOR FREDAG 1. APRIL

LIATOPPEN-stafetten

KLASSE	DISTANSE	MERKNAD
G, J og MIX 11 - 12 år	Tre etapper à 1,0 + 0,7 + 1,0	To skytingar. 3 ekstraskot per skyting. 100 meter strafferunde
G, J og MIX 13 - 16 år	Tre etapper à 1,5 + 0,7 + 1,5	To skytingar. 3 ekstraskot per skyting. 100 meter strafferunde

INNSKYTING 13 - 16 år:	Kl. 07.30 - 09.00	FYRSTE START 13 - 16 år: Kl. 09.20
INNSKYTING 11 - 12 år:	Kl. 14.00 - 14.45	FYRSTE START 11 - 12 år: Kl. 15.00

Normal for nybyrjarar

KLASSE	DISTANSE	MERKNAD
NYBYRJARAR U. 11 år	0,7 + 0,7 + 0,7	Stor blink m/støtte. 30 sek tillegg per bom. Ingen innskyting
NYBYRJARAR 11 år og eldre	1,5 + 0,7 + 0,7	Stor blink m/støtte. 30 sek tillegg per bom. Ingen innskyting

INNSKYTING NYBYRJARAR: Ingen	FYRSTE START NYBYRJARAR: Ca. kl. 16.00-16.30

FORKLAR LØYPELENGDENE OG ARENAKARTET NØYE!

LARSEN-stafetten:

Alle klubbansvarlege inne på standplass, SKAL ha på seg vest. Desse ligg i lagsposen, og er til bruk for heile helga.

MERKING AV VÅPEN
Det er svært viktig at våpena er merkte med korrekt merkelapp. Denne skal plasserast fremst på kolben – høgre side!

BRIKKER
Pass på at løyparane går med rett brikke!
Lag 1: Brikke 1, 2, og 3.
Lag 2: Brikke 4, 5 og 6 osb...
(3. etappe går med brikkenummer som tilsvarer lagsnummeret, multiplisert med 3.) (Sjå startlista.)
Set brikka på venstre fot.

SKIVENUMMER
Laget skal bruke skive som tilsvarer nummeret, rekna samanhengande frå 1 til 30.

STARTPROSEDYRE
Starten er på myra før stadion (studér arenakartet).
Veksling: Vekslingsfeltet er i bakken ut frå stadion. Gå ut der enkeltstartane er for å koma til vekslingsfeltet. Gå opp første bakken. Der er vekslingsfeltet. Etter veksling går de same vegen attende. Vi har problem med kryssing av løypa frå Nilsehaugen til vekslingsfeltområdet. Det vil bli mogleg å krysse, men vi ber om at dette vert gjort der det vert lagt til rette for kryssing. Her må alle nytte kostar som vert sett ut. Dette for å unngå for mye jord og stein i løypa. Møt opp i god tid! (studér arenakartet)

PREMIERING
Alle får premien sin då dei kjem til veksling/mål. For 1., 2. og 3. plass, er det i tillegg eiga premieutdeling under opningsshowet i Hallingdal Feriepark ca. kl 19.00.

INFORMASJON Nybyrjarar:

INNSKYTING:
- Det er ikkje innskyting for nybyrjarklassane. Desse kan få sett våpen i stativ sjølv om løpet er i gang. Kontakt standplassfunksjonær!
- Alle klubbansvarlege inne på standplass, SKAL ha på seg vest. Desse ligg i lagsposen, og er til bruk for heile helga.
- Klistremerket med nummer og namn, SKAL plasserast fremst på kolben, høgre side.

Start der det normalt er individuell start.
Sjå arenakart.

PROGRAM FOR FREDAG 1. APRIL



PROGRAM FOR LAURDAG 2. APRIL

INNSKYTING J/G 11-12 år og G 13 -14 år:	Kl. 07.30 - 09.15	FYRSTE START: Kl. 09.30
INNSKYTING J 13-14 år, J/G 15-16 år og K/M 17-18 år:	Kl. 12.45 - 14.15	FYRSTE START: Kl. 14.25

KLASSE	DISTANSE	MERKNAD
NYBYRJAR U. 11 år	0,7 + 0,7 + 0,7 km	Stor blink m/støtte. 15 sek tillegg per bom. Ingen innskyting
NYBYRJAR 11 år og eldre	1,0 + 0,7 + 1,0 km	Stor blink m/støtte. 15 sek tillegg per bom. Ingen innskyting
J/G 11 -12 år	1,0 + 0,7 + 1,0 km	Liten blink m/støtte. 15 sek tillegg per bom.
J/G 13 -14 år	1,5 + 0,7 + 1,5 km	Sprint. 100 m strafferunde
J 15 -16 år	1,5 + 1,0 + 1,5 km	Sprint. 100 m strafferunde
G 15 -16 år	2,0 + 1,0 + 2,0 km	Sprint. 100 m strafferunde
K/M 17-18 år	2,0 + 2,0 + 2,0 km	Sprint. 100 m strafferunde

FORKLAR LØYPELENGDENE OG ARENAKARTET NØYE!

INFORMASJON:

INNSKYTING:
Det er ikkje innskyting for nybyrjarklassane. Desse kan få sett våpen i stativ sjølv om løpet er i gang. Kontakt standplassfunksjonær!

Alle klubbansvarlege inne på standplass, SKAL ha på seg vest. Desse ligg i lagsposen, og er til bruk for heile helga. Klistremerket med nummer og navn, SKAL plasserast fremst på kolben, høgre side.

PÅSETT AV BRIKKER
Ved startområdet er det eit eige stort telt, kor påsettet av brikker går føre seg. Det er ikkje høve for foreldre / lagleiarar å fylgje løparane lenger fram enn til dette teltet. Deretter held løparane seg i køen opp til startstreken. MØT FRAM I GOD TID!

PREMIEUTDELING
Premieutdeling med overrasking, er i Ål kulturhus i sentrum av Ål (Sjå eigen plakat).

K/M 17-18
K/M 17-18 går også berre med arrangørbrikke. Start der det normalt er individuell start. Sjå arenakart.

ARENAKART FOR LAURDAG 2. APRIL



PROGRAM FOR SØNDAG 3. APRIL

INNSKYTING J 11-12 år og G 11 -14 år:	Kl. 07.00 - 08.45	FYRSTE START: Kl. 09.00
INNSKYTING J 13-16 år og G 15 -16 år:	Kl. 12.00 - 13.30	FYRSTE START: Kl. 13.40

KLASSE	DISTANSE	MERKNAD
G/J 11 -12 år	1,5 + 0,7 + 1,5 km	Normal, Liten blink m/støtte. 30 sek tillegg per bom.
G/J 13 -14 år	1,5 + 1,5 + 1,5 km	Fellesstart. 75 m strafferunde
J 15 -16 år	1,5 + 1,5 + 2,0 km	Fellesstart. 75 m strafferunde
G 15 -16 år	2,0 + 2,0 + 2,0 km	Fellesstart. 75 m strafferunde
K/M 17 -18 år	2,0 + 2,0 + 2,0 + 2,0 + 2,0 km	Fellesstart. 150 m strafferunde

FORKLAR LØYPELENGDENE OG ARENAKARTET NØYE!

INFORMASJON:

INNSKYTING
Alle klubbansvarlege inne på standplass, SKAL ha på seg vest. Desse låg i lagsposen fredag/laurdag, og er til bruk for heile helga.

Klistremerket med nummer og namn, SKAL plasserast fremst på kolben, høgre side. .

PÅSETT AV BRIKKER - START
For t.o.m. 12 år er opplegget likt med laurdag. For 13 år og eldre – som går fellesstart - er opplegget slik: I god tid før ein puljestart skal dei 30 løparane møte ved myra der 0,7 km snur. Starten er i den gamle løypa like ved oppvarmingsområdet (same som stafettstarten fredag). Påsett av brikker skjer like ved start. Alle brukar arrangøren sine brikker. Sjekk arenakart kor de går for å kome til start.

STRAFFERUNDE
Det blir nytta 2 strafferundar til fellesstarten (13-16 år); runde A og B. I runde A skal alle med oddetalsnummer gå, og i runde B skal alle med partalsnummer gå. Det er ingen krise om ein løpar går "feil", men det hjelper dei som skal kontrollere tal på rundar, at det blir gått riktig!

K/M 17-18 har bare ein strafferunde.

PREMIEUTDELING
Premieutdeling skjer umiddelbart etter målpassering. I tillegg er det eiga pallpremiering.

PROGRAM FOR SØNDAG 3. APRIL



13-16-årsgruppa i Ål SSL

- Tysdagane er mest artig, for då har me komb-trening. Løyparane i 13-16-årsgruppa i Ål SSL kosar seg på trening på standplass på Liatoppen. - Me er heldige som har ein så fin plass å trene på, seier dei.

Og det har dei jammen rett i. Anlegget på Liatoppen innbyr til fine treningskveldar. Sjølvsagt er det til tider både bitande kaldt og svært mange knepps vind, men ofte er det nydelege forhold og supre løyper. Det står ikkje på treningsmoglegheitene.

Det er ein fin gjeng som er samla på trening. Dei eldste er alt garva skiskyttarar som har vore i gamet i mange år. Dei yngste i gruppa har dei eldre å strekkje seg etter og sjå opp til. Ein samansveisa gjeng som brukar mange timar ilag i løpet av eit år. På trening, på samlingar og på renn. Til saman teller gruppa som regel 12 løyparar, fordelt på 5 gutar og 7 jenter. Av og til slenger eit par langrennsløyparar seg også med på nokre av treningane. I vintermånadane har gjengen tre faste treningsøykter i veka. Måndagane er det innefotball og styrketrening som står på planen, tysdagane er det komb og torsdagane er det rein skitrening – det også på Liatoppen. I tillegg ein og annan felles langtur til fjells i helgene når det ikkje er renn. Treningane og alt opplegg rundt er foreldrestyrt, så det går litt på omgang blant ungdomane kven som har mor eller far som trenar til ei kvar tid. Ikkje alltid like populært det, men slik må det vere. Gjengen er uansett iherdige til å møte opp på trening, og dei aller fleste er også med på mange renn i løpet av sesongen. Resultata svingar sjølvsagt både opp og ned, som det ofte gjer, men gjengen er flinke til å heie på kvarandre og ta vare på kvarandre.

Om lag ein gong i månaden i vintersesongen er det felles kveldsmat i varmestugu etter ei tysdagsøykt, og då gjerne ilag med gruppa med dei som er 12 år og yngre. Dette er stas for både liten og stor, enten dei er 8 eller 16 år. Ei fin sosial samling. Ein annan fast post på lista er nissesprinten/nissestafetten siste treningskvelden før jul. Då er det gjerne premie til beste kostyme, beste skyttar og beste lag. Elles har sjølvsagt Ål SSL klubbmeisterskap, samt sommaravslutning med informasjon, servering, premieutdeling frå klubbmeisterskapet og heider og ære til eldre løparar frå laget som har hatt gode resultat i løpet av vinteren.

Om hausten og våren har 13-16-årsgruppa like mange treningsdagar i veka, men då med rulleski, joggesko og sykkel, i tillegg til meir fokus på basisskyting. I barmarksesongen er treningane gjerne på litt ulike stader i bygd og fjell, slik at det blir litt variasjon i terreng og moglegheiter. Og byr sjansen seg til eit bad i elv eller tjern etter endt øykt er det få som nektar. Ein gong om våren og ein gong utpå hausten har 13-16-åringane testløp med joggesko på føtene. 2,2 km på grusveg. Tidene blir nøye loggført frå år til år, og pr no er det Gunhild Oleivsgard (K18) og Torjus Arnegard (M17) som har løyperekordane.

Etter to år med korona-avlyst Bama Liatoppen skiskyttarfestival er det no ein svært spent gjeng med 13-16-åringar som gler seg stort til årets skiskyttarhelg på Ål. Dei yngste årsklassane i gruppa har aldri deltatt før, men høyrer dei eldste pratar om Bama'n med stjerner i blikket. Alle ser fram til renna og alt som høyrer med denne helga. Definitivt eit av høgdepunkta og hovudmåla for sesongen, det er sikkert. Og sjølvsagt blir det fint vêr og ei strålande helg – det er det alltid på Liatoppsprinten!

Innskyting før testrenn på Liatoppen.

Full innsats på rulleskitrening. Her er Angelika og Kristin i vekslinga på stafett.

Mykje moro og blid gjeng på styrketrening.

Nydeleg dag for langtur til fjells.

Hans Jørgen Tveito´s minneløp

Hans-Jørgen f. 27/11-65 var glad i å gå på ski heilt i frå han var liten. Han deltok på skirenn i langrenn frå han var 7-8 år. I 1982, 17 år gamal fekk han lyst til å prøve skiskyting. Han deltok i sitt fyrste NM Junior på Tingelstad i 1983.
Der vart han overraskande nr. 4 på sprinten, dermed var interessa for skiskyting tent for fullt.
Hans-Jørgen fekk med seg mange gode resultater både nasjonalt og internasjonalt.

Blant anna:

- Gull i stafett NM junior og sølv i stafett NM senior
- Gull og sølv i Nordisk meisterskap for junior i Finland, der var han også med og vant gull i stafett
- Bronse på sprinten i NM senior på Dombås i 1988
- Han var og med på laget som tok gull i patruljeløp i Militært VM i Italia i 1988

Hans-Jørgen omkom i ei trafikkulykke 27. august 1988, 23 år gamal.

Tidlegare vinnarar av HANS JØRGEN TVEITO`s minneløp

	MENN	KVINNER
1989	Geir Einang	Grete Ingeborg Nykkelmo
1990	Sylfest Glimsdal	Hildegunn Fossen
1991	Nils Anders Lien	Hildegunn Fossen
1992	Nils Anders Lien	Anette Bunde
1993	Halvard Hanevold	Hildegunn Fossen
1994	Ole Einar Bjørndalen	Hildegunn Fossen
1995	Frode Andresen	Liv Grete Skjelbreid
1996	Dag Bjørndalen	Ann Elen Skjelbreid
1997	Ole Einar Bjørndalen	Gunn Margit Andreassen
1998	Ole Einar Bjørndalen	Hildegunn F. Mikkelsplass
1999	Frode Andresen	Gunn Margit Andreassen
2000	Frode Andresen	Linda Tjørhom
2001	Frode Andresen	Gunn Margit Andreassen
2002	Jon Kristian Svaland	Jori Mørkve
2003	Ole Einar Bjørndalen	Natalie Santer
2004	Ole Einar Bjørndalen	Natalie Santer
2005	Jon Kristian Svaland	Ann Kristin Flatland
2006	Kent Roger Guttormsen	Linn Adolfsson
2007	Martin Lindland	Kaia Wøien Nicolaisen
2008	Takov Nekrasov	Susanne Haugo
2009	Ole Martin Erdal	Heidi Berlandstveit
2010	Øystein Ulekleiv	Hilde Fenne
2011	Johan Eirik Meland	Ulyana Kajsheva, Izhevsk, RUS
2012	Lars Aasheim Svaland	Eirinn Teigen
2013	Even Norbø	Anitra Vognild
2014	Magnus Bøe	Kristiane Holm
2015	Pierre Monney	Sigrid Flo Bødal
2016	Jørgen Solhaug Sæter	Åsne Skrede
2017	Martin Nevland	Frida Tormordsgard Dokken
2018	Martin Zawol	Gro Ranby
2019	Konrad Badacz, Polen	Ann Kristin Aaland

TA VARE – bruk meg!

Ål skiskytterlag er ein Ta Vare-klubb. Det betyr at me har fokus på trafikktryggleik på veg til og frå trening og renn. Det håper me at du også har. **Ta vare!**

Ingrid Landmark Tandrevold

Tarjei Bø

Velkomen til premieshow i Ål kulturhus

Laurdag ynskjer me også i år velkomen til premieshow i Ål kulturhus. Showet innheld premieutdeling med bildepresentasjon av utøvarane og underhaldning.

Premieshowet vårt er svært populært og det er me glade for. Men me kan ikkje ha over 350 inne i salen på kvar forestilling så me har sett oss nøydd til å ha adgangskontroll for å kunne kontrollere kor mange som er inne på kvart show. Dette vert gjort av sikkerheitsmessige hensyn og fordi me ynskjer at premieshowet skal vera ei god oppleving for alle.

Salen i kulturhuset må tømast for publikum mellom showa. Dette gjeld også dei som har billett til neste premie-show. Desse må også gå ut, men er sikra plass på neste show så lenge ein har billett til dette showet.

PREMIEUTDELINGSSHOW:

Kl. 15.00	G 11, G 12 og J 12
Kl. 16.00	G 13 og G 14
Kl. 17.00	Nybyrjarklassane J 10, G 10, J 11 og G 11
Kl. 18.00	J 11, J 13 og J 14
Kl. 19.00	J 15, G 15 og G 16
Kl. 20.00	J 16, K 17, M 17, K18 og M 18

Opnings-SHOW

BAMA LIATOPPEN SKISKYTTERFESTIVAL

FREDAG
1. april kl. 19.30
i Hallingdal Feriepark

KONKURRANSE

der **eliteutøvarar** deltek saman med løparar frå stafetten fredag.



PROGRAMLEIAR
Ole Kristian Stoltenberg
PREMIEUTDELING
for stafetten fredag

Premiar frå: INTERSPORT ELKJØP

EAT MOVE SLEEP

ÅL 19 84 SKISKYTTERLAG

Tillegg til Hallingdølen 28. mars 2022. Trykk: Trykk Service AS